

Innkalling

Utval: Stranda kontrollutval
Møtestad: Stranda rådhus, møterom Øyna
Dato: 14.05.2024
Tidspunkt: Kl. 17:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Sakliste

PS 12/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 13/24 Meldingar
MS 06/24 Nyheitsbrev frå FKT (forum for kontroll og revisjon)
MS 07/24 Oppdatering om arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) til Stranda kontrollutval 14.05.2024.
MS 08/24 Førespurnad om trepartsamarbeidet mellom Stranda kommune, Flakkgruppen AS og Møre og Romsdal Fylkeskommune.
PS 14/24 Uttale om årerekneskap og årsmelding 2023 Stranda kommune
PS 15/24 Rapport frå revisor etter årsoppgjeret 2023

Ålesund, 07.05.2024

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenne innkalling, sakliste og protokoll slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 02.04.2024

Møteprotokoll

Utval: Stranda kontrollutval
Møtestad: Stranda rådhus, formannskapssalen
Dato: 02.04.2024
Tidspunkt: kl. 17:00 - 18:40

Følgjande medlemmer møtte

Christina M. De Vries
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Per Kristian Støbbakk
Petter Hjørungdal

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA (samvireforetak) møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal.

Stranda kontrollutval valde å handsame sak 09/24 uttale om årsrekneskap og årsmelding 2023 Stranda Hamnevesen KF fyrst i møte.

Hamnesjef Rita Maråk fekk høve til å seie litt om hamna sine utfordringar knytt til nullutslipp kravet i versarvfjordane.

Stranda kontrollutval bestemte å endre dato for siste møte i 2024. Ny dato er tysdag 5. november 2024 kl. 17.00.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 07/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 08/24 Meldingar
- MS 03/24 Melding til Stranda kontrollutval. Val av medlem og varamedlem til representantskapet i SKS IKS
- MS 04/24 Program Fagkonferanse for kontrollutval på Gardermoen 04.06 - 05.06.2024 - Forum for kontroll og tilsyn
- MS 05/24 Statusrapport - vedtak Stranda kommunestyre 2023
- PS 09/24 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2023 Stranda Hamnevesen KF
- PS 10/24 Undervegsrapportering for arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV)
- PS 11/24 Kontrollutvalet si "påsjå" rolle

PS 07/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 07/24 Vedtak:

Stranda kontrollutval godkjenne innkalling, sakliste og protokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Samrøystes votering.

PS 08/24 Meldingar

MS 03/24 Melding til Stranda kontrollutval. Val av medlem og varamedlem til representantskapet i SKS IKS

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 03/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 04/24 Program Fagkonferanse for kontrollutval på Gardermoen 04.06 - 05.06.2024 - Forum for kontroll og tilsyn

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 04/24 Vedtak:

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande. Stranda kontrollutval vel å melde på fylgjande person (ar):

Stranda kontrollutval melde på P.K. Støbakk og Helge Kvame.

Behandling

Stranda kontrollutval melde på P.K. Støbakk og Helge Kvame.

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande. Stranda kontrollutval vel å melde på fylgjande person (ar):

MS 05/24 Statusrapport - vedtak Stranda kommunestyre 2023

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 05/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga om statusrapport - vedtak Stranda kommunestyre 2023 til vitande.

Behandling

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga om statusrapport - vedtak Stranda kommunestyre 2023 til vitande.

PS 09/24 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2023 Stranda Hamnevesen KF

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 09/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår Stranda kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Stranda hamnevesen KF.

Behandling

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tilrår Stranda kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Stranda hamnevesen KF.

PS 10/24 Undervegsrapportering for arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV)

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 10/24 Vedtak:

Stranda kontrollutval tek orienteringa kring arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) til vitande.

Behandling

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Stranda kontrollutval tek orienteringa kring arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) til vitande.

PS 11/24 Kontrollutvalet si "påsjå" rolle

Stranda kontrollutval 02.04.2024

STKU 11/24 Vedtak:

Stranda kontrollutval tek saka om påsjå rolla overfor revisjonen til vitande.

Behandling

Samrøystes votering.

Sekretariatet si tilråding:

Stranda kontrollutval tek saka om påsjå rolla overfor revisjonen til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Meldingar

Underliggende saker

- 06/24 Nyheitsbrev frå FKT (forum for kontroll og revisjon)
- 07/24 Oppdatering om arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) til Stranda kontrollutval 14.05.2024.
- 08/24 Førespurnad om trepartsamarbeidet mellom Stranda kommune, Flakkgruppen AS og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 06/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Nyheitsbrev frå FKT (forum for kontroll og revisjon) Stranda kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Sjå vedlagte nyheitsbrev frå FKT (forum for kontroll og revisjon).

Vedlegg

Nyhetsbrev april 2024 Forum for kontroll og tilsyn

Ny veileder

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide en veileder for risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan eierskapskontroll.

[Veileder](#)



Veiviser for å hindre data-angrep og digitale hendelser

KS har en pågående kampanje om informasjonssikkerhet og personvern for ansatte i kommuner og fylkeskommuner. Målet med prosjektet er å utløse en «refleks» hos ansatte som gjør at sikkerhet er noe som faller helt naturlig i den digitaliserte hverdagen.

Kampanjen består av ti temaer

[Kampanjen](#)



Høyeste antall klager til Sivilombudet noen gang

Det fremgår av årsmeldingen at hele 30 % av alle klagen til Sivilombudet dreier seg om mangel på svar fra forvaltningen eller at det tar for lang tid å få en avgjørelse. Antallet slike klager har økt de siste årene. Det har også vært en økning i klager som gjelder utlendingssaker, offentlighet og innsyn.

[Årsmeldingen](#)



Anskaffelser topp tre blant kommunale risikoområder

To undersøkelser i regi av foreningen NKRF – kontroll og revisjon i kommunene forteller om stor oppmerksomhet om anskaffelser i kommunale kontrollutvalg og blant de enhetene som står for revisjon i kommune-Norge.

[Undersøkelsene](#)



Register for statssekretærer og politiske rådgjevarar sine verv og økonomiske interesser

– Openheit om verv og økonomiske interesser er ein heilt sentral verdi i eit demokratisk samfunn. Med dette registeret følgjer vi opp tilrådinga frå Europarådets antikorrupsjonsorgan og legg betre til rette for at innbyggjarane kan ha tillit til politikarane, seier kommunal- og distriktsminister Erling Sande.

[Registeret](#)



De viktige planutvalgene

Landets planutvalg har en avgjørende rolle i å forvalte kommunenes planer i møte med private reguleringsplaner. For å støtte opp om dette viktige arbeidet har Våre steder, på vegne av KS, utarbeidet fire filmer som grunnlag for refleksjon i planutvalgene.

[Filmene](#)



Hold deg faglig oppdatert med FKT

Husk å melde deg på FKTs fagkonferanse 4. - 5. juni.

[Lenkje til informasjon og påmelding](#)

Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Vår adresse:

Forum for kontroll og tilsyn

Kristian Augusts Gate 14

0164 Oslo

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 07/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Oppdatering om arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) til Stranda kontrollutval 14.05.2024. Stranda kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande. Stranda kontrollutval vel å arrangere eit ekstra møte tysdag 13. august 2024 for å avslutte arbeidet med ROVen.

Bakgrunn:

Sekretariatet har på vegne av Stranda kontrollutval motteke vedlagde epost datert 29. april 2024 frå Ingrid Walstad Larsen hos Møre og Romsdal Revisjon SA.

Med bakgrunn i framlagde informasjon foreslår sekretariatet at Stranda kontrollutval tek eit ekstra møte i midten av august. Dette for å avslutte arbeidet med ROV analysen og slik rekke kravet om at plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast av kommunestyret innan utgangen av første ordinære driftsår for kommunestyret.

Som det kjem fram av e-posten frå revisjonen kom dei diverre seint i gang med arbeidet med ROVen.

Vedlegg

Underveisrapportering ROV til KU Stranda 14. mai

Emne: Underveisrapportering ROV til KU Stranda 14. mai

Kopi: Møre og Romsdal Revisjon SA <post@mrrevisjon.no>, Charlotte Blomvik <charlotte.blomvik@mrrevisjon.no>

Til: Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Sendt: 29.04.2024 13:25:38

Fra: Ingrid Walstad Larsen <ingrid.walstad.larsen@mrrevisjon.no>

Hei!

Her kommer en liten underveisrapportering på Stranda. Vi har spørreundersøkelse for ledere og politikere (gruppeledere) ute. Det jobbes nå med datainnhenting og rapportskrivning. Vi vil supplere med intervju der vi ser det er behov ut fra dokumentinnhenting og spørreundersøkelse. Rapporten sendes ut på faktasjekk til kommunen og ordfører i mai, og endelig rapport vil foreligge i (starten på/første halvdel av) juni.

Med vennlig hilsen

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Ingrid Walstad Larsen

Fagansvarlig forvaltningsrevisjon/ oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

Tlf. 98 48 61 38

ingrid.walstad.larsen@mrrevisjon.no

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 08/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Førespurnad om trepartsamarbeidet mellom Stranda kommune, Flakkgruppen AS og Møre og Romsdal Fylkeskommune. Stranda kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalsekretariatet fekk vedlagde førespurnad frå leiar av kontrollutvalet Helge Kvame og medlem av kontrollutvalet Per Knut Støbbakk den 16. april 2024. Vedlagde svarbrev blei sendt frå sekretariatet den 17. april 2024.

Vurdering:

Som det går fram av svarbrevet er det noko uklart for sekretariatet kva sider ved dette "trepartsamarbeidet" som kontrollutvalet bør sjå nærare på og kva type kontrollhandling som eventuelt skal setjas i verk. Stranda kontrollutval bør difor på møte 14. mai 2024 som kollegium diskutere nærare ei tydeleg problemstilling for kva som skal være kontrollutvalet si oppgåve viss kontrollutvalet ynskjer å gå vidare med førespurnaden. Det kan være greit å minne om kontrollutvalet si mynde slik ho er gjengitt på side 18 i Kontrollutvalsboka:

Myndet til kontrollutvalet er knytt til gjennomføringa av kontrolloppgåvene til utvalet. Dette inneber å setje i verk forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre undersøkingar i kommunen og dessutan å sjå til at årsrekneskapan blir forsvarleg revidert.

Kontrollutvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga, og utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av folkevalde organ. Kontrollutvalet skal ikkje vurdere om politiske vedtak er føremålstenlege.

For ordens skuld kan det være greit å omtale trepartsamarbeidet med riktig nevning. Hellesylt Turist- og Beredskapskai AS er ifølge opplysningar på proff.no eit selskap kor Stranda kommune eig 5000 aksjar, Flakkgruppen AS eig 5000 aksjar og Møre og Romsdal Fylkeskommune eig 5000 aksjar. Dette utgjer ein eigarandel på 33.33 % på kvar av eigarane. Inge Hole er ført opp som dagleg leiar og styreleiar er Jon Aasen.

Hausten 2023 valde Fylkestinget å selja seg ut av selskapet.

Om selskapet kan ein lese fylgjande:

Vedtekstfesta formål

Eie og forvalte fast eiendom, herunder drive utleie til blant annet næringsvirksomhet, samt alt som står i forbindelse med dette, herunder deltakelse i andre selskaper med lignende virksomhet.

For kontrollutvalet sin vidare diskusjon i møte 14. mai 2024 er det viktig å være kjend med det handlingsrommet utvalet har i AS (aksjeselskap). Vedlagt er og utdrag frå Kontrollutvalsboka kapittel 8, Eigarskapskontroll. Her er det drøfta nærare type selskap, handlingsrommet til kontrollutvalet og kontrollutvalet sine verktøy.

Førebels konklusjon:

Meldinga frå Støbbakk og Kvame bør diskuterast på møte 14. juni for å sjå om kontrollutvalet som organ er einige om dette er ei sak for kontrollutvalet eller ikkje.

Meldinga leggst fram med tilråding om at kontrollutvalet tek den til vitande. Utvalet kan sjølve fremme alternative forslag med bakgrunn i diskusjonen.

Vedlegg

Førespurnad om etablert samarbeid - kaia på Hellesylt

Stadfesting av mottatt førespurnad om etablert samarbeid - kaia på Hellesylt

Kontrollutvalsboka om eigarskapskontroll

Emne: Kaia på Hellesylt - "trepartssamarbeidet" - Et etablert AS mellom Flakk - Stranda
Kommune og Fylket

Til: helgemathiaskvame <helgemathiaskvame@gmail.com>, Bjørn Tømmerdal
<bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Sendt: 16.04.2024 10:55:35

Fra: PK Støbakk <pkstobakk@icloud.com>
Helge Kvame

Viser til dagens samtale vedrørende AS'et etablert i det såkalte «trepartssamarbeidet» mellom Knut Flakk, Stranda Kommune og M & R fylke med formål om å flytte dagens bilfergekai på Hellesylt for å etablere ei ny «på nedsiden» av gamle-hotellet som er lokalisert i samme område ved sjøkanten.

Det var enighet om at organisasjonsformen som et AS inngår i Kontrollutvalgets virkeområde og at kontrollutvalget kan sette en sak om dette på dagsorden.

Du foreslo at initieringen skulle gå via SKS og det ble avtalt at undertegnede skulle sende en mail til SKS for å få saka på sakskartet til første møte I Stranda Kontrollutvalg i Mai 2024.

Du vil ta kontakt med SKS før møtet.

Jeg er kjent med at du ikke benytter epost i brev og dokumentutveksling og ser det derfor som effektivt at undertegnede sender dagens mail til SKS.

Med vennlig Hilsen
Per Kristian Støbakk

Medlem av Kontrollutvalget
i Stranda Kommune

Helge Kvame
Nymarkvegen 64
6200 STRANDA

Dykkars ref.

Vår ref.
24/42

Dato
17.04.2024

Bekreftelse på mottatt epost frå dykk.

Eg viser til motteken epost frå dykk begge tysdag 16. april 2024 om Hellesylt kai. Eg tenker at denne blir lagt fram på Stranda kontrollutval sitt møte 14. mai 2024 som ei melding. Slik sett kan kontrollutvalet som organ diskutere om dei ynskjer å gå nærare inn på dette og eventuelt kva ein ynskjer å sjå nærare på og om det sorterer under kontrollutvalet sitt mandat og mynde.

Det hadde vore greitt om dykk var litt tydelegare på sjølve problemstillinga. Ut i frå eposten er det litt vanskeleg for meg å sjå kva som kontrollutvalet bør sjå nærare på.

Gje meg beskjed om eg skal innhente noko dokumentasjon eller bakgrunnsstoff før møte 14. mai 2024.

Med helsing
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS
92611735

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakar
Per Kristian Støbakk Antonusvegen 2 6200 STRANDA

8.

Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Delar av den kommunale verksemda blir organiserte utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Dette kan vere i form av aksjeselskap, interkommunale selskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt.

Slike fristilte organisasjonar kan vere ei utfordring for folkevald styring, innsyn og kontroll fordi dei ligg utanfor kommunestyret si direkte styring og

Organisasjonsform og lovheimel	Type organ	
Kommunalt føretak (kompl. kap. 9)	Forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenesteområde kan organiseras som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen.	
Kommunalt oppgåvefelleskap (kompl. kap. 19) Interkommunalt politisk råd (kompl. kap. 20)	Forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit kommunalt oppgåvefelleskap til å løyse felles oppgåver.	
Vertskommunesamarbeid (kompl. kap. 20)	Forvaltningsorgan. Ein kommune overlèt utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.	
Interkommunalt selskap (IKS) (IKS-lova)	Eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunar kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane.	
Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar (aksjelova)	Eige rettssubjekt.	
AS – deleigd av kommunale aktørar (aksjelova)	Eige rettssubjekt.	
Samvirkeføretak (SA) (samvirkelova)	Eige rettssubjekt. Samvirkeføretaket er ei samanslutning med hovudføre mål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.	
Stifting (stiftingslova)	Eige rettssubjekt. Med stifting blir det forstått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftinga.	

kommunedirektøren sitt internkontrollansvar. Korleis kommunestyret forvaltar eigarskapane sine, er viktig for å sikre kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane. God forvaltning av eigarskapane er også viktig for omdømmet til kommunen. Føremålet med eigarskapen og eventuelle prinsipp for korleis kommunen skal drive eigarstyring, er gode utgangspunkt for kontrollutvala når dei skal sjå til at eigarskapane blir forvalta i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarshapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll. Det er revisor som skal utføre eigarskapskontroll.

Eigarstyring

Kommunelova § 26-1 pålegg kommunane å utarbeide ei eigarskapsmelding. Lova inneheld enkelte minimumskrav til kva meldinga skal innehalde. Desse er

- prinsippa kommunen har for eigarstyring
- ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- føremålet kommunen har med eigarskapen sin i dei forskjellige verksemdene

KS har utarbeidd tilrådingar knytte til eigarskap, selskapsleiing og kontroll av kommunalt eigde selskap

og føretak (oppdaterte 2020). Desse tilrådingane kan nyttast som supplement til lova når kommunen skal utarbeide ein eigarstrategi og/eller ei eigarskapsmelding.

Kva er eigarskapskontroll?

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal difor varslast når det skal haldast slike møte. Det er mest nærliggjande at eigar/deltakarkommunen sender slikt varsel. Det er viktig at kontrollutvalet tek stilling til om dei vil nytte seg av møteretten, både for å halde seg orientert om selskapa, og som eit ledd i sin kontroll.

I all hovudsak skil ein mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis tilseier likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan vere vanskeleg å skilje mellom kva som inngår i kvar av desse kategoriane. Desse utgjir likevel to åtskilde kontrollformer, og dei er regulerte gjennom kvar sin paragraf i kommunelova.

I eigarskapskontrollen blir det kontrollert «om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper, gjør dette i samsvar med lover og

	Eigarar	Eigarorgan	Kontrollutvalet sine verktøy	Innsyn
	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-2.
	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-6
	Kommunen	Kommunestyret	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-2 (gjeld vertskommunen).
	Kommunen	Representantskap	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-6.
	Kommunen	Generalforsamling	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.	Fullt innsyn jf. kompl. § 23-6.
	Kommunen og private aktørar	Generalforsamling	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
	Medlemmene	Årsmøte	Generelt tilsyn. Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter samtykke om innsyn).	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
	Ingen, sjølv eigande	Styret	Ingen, dersom ikkje noko er avtala.	Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. EIGARSKAPSKONTROLL

forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring».

Eigarsskapskontroll fokuserer på korleis *kommunen* utøver eigarstyring. Vidare om den som representerer kommunen sine interesser på generalforsamlinga eller i representantskapet, treffer avgjerder i samsvar med relevant lovgjeving og elles opptre i tråd med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene.

Ein viktig føresetnad for at kontrollutvalet kan gjennomføre eigarsskapskontroll, er at kommunen har tydeleggjort kva strategiar og målsetjingar kommunen har med eigarsskapane. Utgangspunktet for eigarsskapskontrollar vil difor gjerne vere å undersøkje føremåla eller føringane kommunen har for eigarsskapane.

Problemstillingar ved ein eigarsskapskontroll

- Har kommunen etablert tydelege føringar for eigarsskapane sine?
 - Har kommunen ei eigarsskapsmelding?
- Fører kommunen kontroll med sine eigarinteresser?
 - Har kommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
 - Er rutinane gode nok, og blir dei etterlevde?
- Blir eigarinteressene til kommunen utøvde i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovføresegner og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Er det mogleg å skilje mellom eigarsskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap?

Det blir i praksis gjennomført ei rekkje kontrollar som kombinerer eigarsskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Dette kan gjelde kontrollar i selskap der ein gjer ei kartlegging av til dømes økonomisk status, innkjøpsrutinar, sjukefråvær og liknande. Dette er undersøkingar som ikkje berre fokuserer på eigarsskapsforvaltninga og kommunen sin kontroll med selskapa, men som også ser på sjølve drifta i det aktuelle selskapet. Samtidig fordjupar ikkje undersøkinga seg slik som ein forvaltningsrevisjon vil gjere. Fleire kontrollar vil også kombinere eigarsskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kven kan gjennomføre eigarsskapskontroll?

Då den nye kommunelova blei vedteken i 2018, blei eigarsskapskontroll ei oppgåve som berre revisor kan utføre, jf. § 24-2. Dette innebar ei endring frå

tidlegare der også andre enn revisor kunne stå for eigarsskapskontrollen.

Samarbeid mellom sju kommunar om ein felles eigarsskapskontroll og forvaltningsrevisjon

«Det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).»

Problemstillingane som blei utleidd av føremålet, var knytte til følgjande tema:

- eigarane si oppfølging av selskapet
- budsjetttrutinane og rekneskapsrapporteringa til selskapet
- kostnadseffektiviteten til selskapet
- belastninga på eigarkommunane av kostnadene for selskapet
- selskapet si oppfølging av reglar om offentlege anskaffingar og offentlegheit
- selskapet si oppfølging av etikk, arbeidsmiljø og miljøvern

Kven kan kontrollerast?

Eigarsskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast av eigarstyringa i alle typar selskap, men omfanget av eigarsskapskontrollen blir påverka av eigarforholda i selskapa. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, er knytt til følgjande selskap:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefelleskap
- kommunale aksjeselskap kommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller interkommunale selskap
- heileigde dotterselskap til slike selskap

I desse selskapa har kontrollutvalet i kommunen og revisor rett til å hente inn dei opplysningane dei har behov for, og kan gjennomføre naudsynte undersøkingar.

Dersom kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre eigarsskapskontroll i andre selskap, der eigarsskapen er delt med private aktørar eller staten, må kontrollen basere seg på offentleg tilgjengeleg dokumentasjon. Spørsmålet om kven som på vegner av eit aksjeselskap kan gje innsyn i selskapet i samband med forvaltningsrevisjon, må bli avgjort ut frå kompetanseføresegnene i aksjelova. Etter aksjelova § 6-12 høyrer forvaltninga av selskapet inn under styret, og styret representerer selskapet mot omverda, sjå aksjelova § 6-30. Dette tilseier at det som

eit utgangspunkt er styret som avgjer om kontrollutvalet skal få innsyn. Når det gjeld aksjeeigarane sin kompetanse til å gje kontrollutvalet innsyn, må aksjeeigarane avgjere dette gjennom vedtak på generalforsamlinga.

Bestilling

Bestilling av ein eigarskapskontroll tek normalt utgangspunkt i ein plan for eigarskapskontroll. I nokre tilfelle kan kommunestyret på eige initiativ bestille ein eigarskapskontroll, eller det kan kome opp saker i kontrollutvalet som utvalet vel å følgje opp. Dersom ikkje omfang og tilnærming er spesifisert i plan for eigarskapskontroll, vil det i bestillingsfasen vere viktig å definere korleis prosjektet skal utførast, slik at ein sikrar at kontrollutvalet og utførar har lik forståing av oppdraget. Det er difor viktig at utvalet nyttar tid på bestillingsprosessen, for å få utarbeidd ein prosjektplan som er i samsvar med kontrollutvalet sine ynske og som er tilpassa behovet for kontroll i kvart enkelt tilfelle. Prosjektet bør ikkje setjast i gang før kontrollutvalet og utførar har godkjent prosjektplanen eller bestillinga.

I prosjektplanen vil det vere naturleg at følgjande er forhold er omtala:

- tema og eventuelt kva selskap som skal undersøkjast
- bakgrunn
- problemstillingar
- kva type informasjon som skal hentast inn, og korleis
- framdriftsplan
- ressursbruk

Delt eigarskap mellom fleire kommunar

Dersom selskapet som skal kontrollerast, er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også medverke til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvala. I slike tilfelle må kontrollutvala i dei respektive kommunane bli samde om mellom anna:

- Kva revisor skal gjennomføre kontrollen?
- Kva skal kontrollen omfatte, og korleis skal kontrollen gjennomførast (prosjektplan/bestilling)?
- Korleis skal kostnadene fordelast mellom kontrollutvala?
- Korleis skal eigarskapskontrollen rapporterast og følgjast opp?

I mange tilfelle vil det vere kontrollutvalet i den kommunen med størst eigardel som får eit overordna ansvar for samordning. Kostnadene blir ofte fordelte etter storleiken på eigardelen til den einskilde kommunen.

Det er ikkje naudsynt at alle eigarkommunane er med for å kunne gjennomføre ein eigarskapskontroll.

Korleis eigarskapskontrollen skal innrettast i slike samarbeid, kan klårgjerast når selskapet blir etablert, ved at ein kan ta inn i vedtektene for selskapet kven av eigarkommunane som skal ha eit overordna ansvar for å samordne eigarskapskontrollen. Ein slik avtale om samordning kan også innarbeidast i ein selskapsavtale mellom eigarkommunane. Slike avtalar vil likevel ikkje avgrense plikta og retten den einskilde eigarkommunen har til å drive eigarskapskontroll.

Gjennomføring

Eigarskapskontroll skal gjennomførast i samsvar med RSK 002 «Standard for eigarskapskontroll». Det er viktig at eigarskapskontrollen blir gjennomført på ein planmessig måte, og at han er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (jf. plan for eigarskapskontroll i kapittel 6). Det inneber at omfang og fokus kan variere frå selskap til selskap.

Selskapet som blir kontrollert, og den som gjennomfører kommunen sin eigarfunksjon, skal få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten, og eventuelle kommentarar bør gå fram av rapporten. Før rapporten blir send over til kommunestyret, skal han også vere lagd fram for kommunedirektøren for uttale.

Rapportering og handsaming

Kontrollutvalet kan sjølv avgjere korleis revisor skal rapportere til utvalet innanfor rammene av god kommunal revisjonsskikk. Rapporteringa må tilpassast omfanget av eigarskapskontrollen. Rapporten skal sendast frå revisor til sekretariatet. Sekretariatet skal sjå til at rapporten frå eigarskapskontrollen samsvarar med bestillinga, før han blir send over til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere resultat av sitt arbeid til kommunestyret. For å sikre at kommunestyret får naudsynt informasjon om status for eigarstyring og oppfølging av eigarskapane, skal kontrollutvalet utan ugrunna opphald sende rapportar til kommunestyret for handsaming. Kommunestyret kan velje å fastsetje nærare retningslinjer om rapportering. Rapportering til kommunestyret etter kvart som rapportar frå eigarskapskontrollar er handsama i kontrollutvalet, gjer det mogleg for kommunestyret å få vedteke forbetringstiltak raskare. Oppdragsansvarleg revisor eller den som stiller i revisor sin stad, har plikt til å møte i kommunestyret når saker som er knytte til oppdraget til revisor, kjem opp, sjå kommunelova § 24-3. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak blir følgde opp.

Habilitet og valbarheit for medlemmer i kontrollutvalet ved eigarskapskontroll

Fristilling av verksemder og bruk av selskap fører med seg nye problemstillingar knytte til roller og habilitet i kontrollutvalet. Tilsette i selskap vil som hovudregel ikkje vere inhabile når kontrollutvalet handsamar saker der selskapet er part i saka. Konkrete omstende i ei einskild sak kan likevel føre til at vedkomande må fråtre som inhabil til dømes ved at det ligg føre særigne

forhold som er eigna til å redusere tilliten til at vedkomande er upartisk (sjå kapittel 3).

Det er viktig at kontrollutvalet ved gjennomføring av ein eigarskapskontroll gjer ei grundig vurdering av habiliteten til medlemmene dersom det oppstår tvil. Det er viktig å vurdere om det er grunn til å tru at einskildpersonar si deltaking kan svekkje tilliten til at kontrollutvalet er uavhengig og nøytralt i handsaminga av eigarskapskontrollen.

Oppsummering

- I selskapa som kommunen eig, har kontrollutvalet rett til å ha ein representant til stades på generalforsamlinga og liknande organ.
- Kontrollutvalet må få utarbeidd ein prosjektplan eller ei bestilling som gjer det tydeleg korleis kontrollen skal gjennomførast.
- Dersom det i det aktuelle selskapet er fleire eigarkommunar, bør dei samordne kontrollen seg imellom.
- Det er viktig at eigarskapskontrollen blir gjennomført på ein planmessig måte, og at han er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
- Resultata av eigarskapskontrollar skal rapporterast til kommunestyret.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 14/24	Stranda kontrollutval	14.05.2024

Uttale om årerekneskap og årsmelding 2023 Stranda kommune Stranda kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Stranda kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Stranda kommune.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Kommunelova stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar. Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 14. mai 2024 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023 for Stranda kommune som er lagt fram av kommunedirektøren og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 15. april 2024.

Kommunen har i 2023 eit netto negativt driftsresultat på 25.264 kr og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på 24.592.462 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagt sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsmelding. Dette finn oss på side 20 i årsmeldinga.

Budsjettavvik

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2023 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga på side 5 og 6 og i revisjonen sin melding på side 2. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette.

Samandrag:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2023 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året.

Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll og interimrevisjon. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Vedlegg

Årsrekneskap 2023 - Stranda kommune
Årsmelding 2023 Stranda kommune

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune som viser eit netto negativt driftsresultat på kr 25 264 og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 24 592 462.

Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav,
- og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll han finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stranda kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter knytt til uttale om budsjettavvik

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik blir det vist til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Ålesund, 15. april 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarleg revisor

Stranda Kommune



Årsrekneskap

2023

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT (Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner §5-6)

Økonomisk oversikt - drift	NOTE	Rekneskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr.budsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter					
1 Rammetilskudd		168 123 287	166 816 000	159 877 000	159 946 508
2 Inntekts- og formuesskatt		151 147 437	150 319 000	161 494 637	156 923 949
3 Eiendomsskatt		16 443 213	16 354 700	16 354 700	14 488 160
4 Andre skatteinntekter		250 372	417 828	327 828	711 140
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten		16 926 328	13 759 600	10 559 600	17 693 101
6 Overføringer og tilskudd fra andre		72 575 797	19 682 753	21 182 753	55 723 254
7 Brukerbetalinger		23 449 560	26 200 622	26 200 622	26 538 988
8 Salgs- og leieinntekter		54 159 894	50 722 390	48 081 411	47 084 314
9 Sum driftsinntekter		503 075 888	444 272 893	444 078 551	479 109 414
Driftsutgifter					
10 Lønnsutgifter		260 237 315	244 509 920	244 507 151	248 231 119
11 Sosiale utgifter		56 159 763	49 915 656	49 006 388	54 092 810
12 Kjøp av varer og tjenester		127 362 373	104 722 520	104 722 520	120 220 354
13 Overføringer og tilskudd til andre		23 879 773	12 292 838	11 391 123	31 040 000
14 Avskrivninger	6	29 950 931	27 067 774	27 067 774	28 540 738
15 Sum driftsutgifter		497 590 155	438 508 708	436 694 956	482 125 020
16 Brutto driftsresultat		5 485 733	5 764 185	7 383 595	-3 015 605
Finansinntekter					
17 Renteinntekter		4 286 173	2 992 000	2 692 000	2 396 169
18 Utbytter	19	21 206 313	21 136 293	22 000 000	12 500 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		-	-	-	-
20 Renteutgifter		32 375 620	33 140 301	30 690 301	15 175 769
21 Avdrag på lån	10	28 578 795	28 499 901	27 569 901	28 383 462
22 Netto finansutgifter		-35 461 928	-37 511 909	-33 568 202	-28 663 062
23 Motpost avskrivninger	6	29 950 931	27 067 774	27 067 774	28 540 738
24 Netto driftsresultat		-25 264	-4 679 950	883 167	-3 137 929
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:					
25 Overføring til investering		-	340 557	-	-
26 Avsetninger til bundne driftsfond	13	4 787 984	1 321 939	1 003 939	4 405 394
27 Bruk av bundne driftsfond	13	-5 964 424	-1 558 527	-1 558 527	-8 550 555
28 Avsetninger til disposisjonsfond		1 151 175	1 437 755	1 437 755	1 007 231
29 Bruk av disposisjonsfond		-	-6 221 674	-	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk		-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		-25 264	-4 679 950	883 167	-3 137 929
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		-	-	-	-

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT (§5-4, 1.ledd)

Bevilgningsoversikt - drift (rekneskap)	NOTE	Rekneskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr.budsjett 2023	Rekneskap 2022
1 Rammetilskudd		168 123 287	166 816 000	159 877 000	159 946 508
2 Inntekts- og formueskatt		151 147 437	150 319 000	161 494 637	156 923 949
3 Eiendomsskatt		16 443 213	16 354 700	16 354 700	14 488 160
4 Andre generelle driftsinntekter		17 176 700	14 177 428	10 887 428	18 404 241
5 Sum generelle driftsinntekter		352 890 636	347 667 128	348 613 765	349 762 859
6 Sum bevilgninger drift, netto		317 453 972	314 835 169	314 162 396	324 237 726
7 Avskrivninger	6	29 950 931	27 067 774	27 067 774	28 540 738
8 Sum netto driftsutgifter		347 404 903	341 902 943	341 230 170	352 778 464
9 Brutto driftsresultat		5 485 733	5 764 185	7 383 595	-3 015 605
10 Renteinntekter		4 286 173	2 992 000	2 692 000	2 396 169
11 Utbytter	19	21 206 313	21 136 293	22 000 000	12 500 000
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		-	-	-	-
13 Renteutgifter		32 375 620	33 140 301	30 690 301	15 175 769
